

Brannalarm Studentheimen

Alle studentbustadane til Saman har installert seriekopla brannvarsling for å varsle leigebuarar om brann!

På studentheimen vert ALLE brannalarmar sendt direkte til Alarmsentralen i Florø, slik at brannvesenet skal komma raskt på plass dersom ein brann oppstår her.

Kva gjer du om alarmen går?

1. Lat att alle dører og vindauge.
2. Gå til brannsentralen, den finn du i 1.etg i midtgangen.
3. Den første som kjem der les av kva som står på tavla. (Her finn du informasjon om kvar alarmen er utløyst)
4. Gå til staden der alarmen er utløyst på for å sjekke om det er ein reell alarm.



Viss det brenn:

5. Evakuer bygget, sløkk om det er mogeleg.
6. RING BRANNVESENET 110, for å varsle kvar det brenn.

Viss det er ein falsk alarm:

5. RING ALARMSENTRALEN I FLORØ 57 75 15 00, for å varsle at det er ein falsk alarm.
6. Gå ned til branntavla, set i nøkkelen og vri om. Hald inne **Avstill** til klokkene sluttar å ringje.
7. Opne vindauge for å lufte godt ut der den falske alarmen er utløyst.
IKKJE LUFT UT I GANGEN!
8. Når rommet er lufta ut, hald inne **Tilbakestill** til lyset sluttar å blinke. Ta ut nøkkelen.

Sabotasje av brannalarmanlegget, tildekking og fjerning av detektorar og klokke, er brot på leigekontrakten og vil føre til gebyr og mogleg utkastning!